

Ny asfalt mellom Rød og brua i år

28.03.2007



Den nye asfalten kom fram til Rød i fjor, no skal han først vidare til brua i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I fjor sommar vart riksveg 48 asfaltert på ny fram til Rød og i år kjem turen til dei 3.738 metrane fram til brua i Uskedalen, melder Statens vegvesen. Det skal også asfalterast mellom Handeland og Utåker, som er vel fem kilometer.

Vegvesenet ber om at planlagde gravingar for vatn, avlaup, kablar og anna gjennom eller langs dei vegane som skal nyasfalterast vert utførte i god tid før vegdekkarbeidet tek til. Etter at nye dekke er lagd kan det ikkje reknast med graveløyve før etter minst tre år. Det gjeld ikkje for uventa brot på vatn, avlaupsleidningar eller kablar.

I vegar der det er kummelokk og liknande må eifgarane sørgha for naudsynt skifting eller justering av desse etter nærare avtale med Statens vegvesen.

Dekkearbeida skal starta like over påske, men programmet for Voss og Hardanger distrikt er omfattande, det har tilsaman 31 parsellar.

Av Ola Matti Mathisen